

Hei,

eg heiter Peder Lofnes Hauge og er leiar i Noregs Mållag. Først av alt vil eg takke Hordaland Mållag for at de har skipa til dette valmøtet, dei interessante innleiingane og ikkje minst stortingskandidatane som stiller opp og bidreg til å gjere språkpolitikk til ein del av valkampen. I konkurranse med skattepolitikk, helse, klima og miljø og andre store, tunge valkampsaker er det vanskeleg for nynorsken å vere på dagsorden, difor er slike debattar viktige - ikkje minst fordi dei forpliktar kandidatar og parti til å arbeide for sakene og krava våre når røystene er talde opp og valet er over.

Eg skal snakke litt om digitale læremiddel og opplæring i grunnskulen og i barnehagar, som er svært relevant sidan regjeringa snart sender ei ny opplæringslov ut på høyring.

Valkamp.

Dei siste åra har Noregs Mållag jobba mykje for at dei politiske partia som stiller til val i haust, har mest og best mogeleg politikk for nynorsken i programma sine. Vi er godt nøgde med gjennomslaga. Dei fleste partia har i større eller mindre grad omtalt dei fleste krava.

Kven som skal sitje rundt kongens bord, er sjølv sagt uvisst, men éin ting er sikkert: Ei regjering som ikkje har omsut for heile det norske språket, kan ikkje vere ei regjering for heile Noreg. Sjølv om ein raudgrøn opposisjon stod klar til å ytterlegare skjerpe den nye språklova, er Stortingets vilje klar: No skal nynorsken styrkjast.

Dette var våre fem hovudkrav:

1 Nynorsk og bokmål skal vere reelt jamstilte språk i Noreg

Eit språk i mindretalsposisjon vil alltid ha vanskelegare levekår enn eit språk i fleirtalsposisjon. Det må vere eit overordna mål om at det skal vere like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar i Noreg.

2 Hald på og løft sidemålsordninga

Sidemålsordninga er ryggraden i å sikre nynorskbrukarane sine språklege rettar.

Sidemålsopplæringa må byrje tidlegare, bli betre og meir spennande.

3 Innfør språkdelt ungdomsskule

For at nynorskelevane skal bli trygge språkbrukarar som held på nynorsk gjennom heile skulegangen, må dei få halde fram i eiga nynorskklasse i ungdomsskulen. Dette er det viktigaste tiltaket i språkdelt område for å sikre god hovudmålsopplæring for nynorskelevane.

4 Digitale læremiddel og kontorstøtteprogram må kome på nynorsk
Nynorskelevane er i stor grad overlatne til digitale læremiddel som berre finst på bokmål. I tillegg nyttar mange skular kontorstøtteprogram som ikkje finst på nynorsk, til dømes skriveprogram utan nynorsk stavekontroll.

5 Lærarutdanningane må sikra gode nynorsklærarar

Kompetansen må stå på vitnemålet, og alle lærarar må få tilbod om kurs og etterutdanning i nynorsk.

Opplæringslova

1) Digitale læremiddel

Denne hausten er det nøyaktig tretti år sidan over 30.000 (!) elevar og lærarar streika for retten til

nynorske lærebøker i skulen. Mange bokmålsbrukarar stod skulder ved skulder med nynorskbrukarane for språkleg rettferd. Ved Bryne gymnas streika omlag 500 elevar, og lærarane let vere å møte til undervisning i solidaritet med elevane sine. Det tok ei tid før situasjonen blei nokonlunde akseptabel, men sjølv i dag er mange nynorskversjonar av nye lærebøker forseinka frå forlaga.

Sjølv Vestland fylkeskommune gjorde seg til kjeltringar førre skuleår. Eit fåtal av læreverka var klare til skulestart sist haust, og nynorsk-utgåvene har jamt over vore klare ein dryg månad seinare enn bokmålsbøkene. Det grovaste dømet var i Odda, der VG1 TIP-elevane fekk si siste lærebok på nynorsk siste veka i mai - rett før skuleåret var slutt. Det er ein skam.

Retten til læremiddel på eige språk blir utfordra av den nye digitale kvardagen. Dei fleste norske klasserom er digitale, og sjølv i dei mest nynorske områda i Noreg fløymer klasseromma over av digitale læremiddel på bokmål. Signe Stave Samuelsen arbeider på ein skule på Bryne. Elevane hennar brukar omlag 40 ulike appar, og berre ein av desse er på nynorsk. Det er ordboka. Nynorskelevane får ikkje same moglegheit til å bli stødige språkbrukarar som bokmålelevane.

Den nye opplæringslova må sikre at nynorskelevane får same retten til og tilgangen på digitale læremiddel som bokmålelevane. Norsk språkpolitikk skal formast av nasjonalforsamlinga, ikkje av multinasjonale teknologigigantar i California. Det er heilt avgjerande for at nynorskelevane skal få ei like god lese- og skriveopplæring som bokmålelevane. Viss ikkje blir det fort naudsynt å ta til gatene for retten til læremiddel på eige språk igjen, tretti år etter, men i ei ny digital tid.

Den nye opplæringslova - som regjeringa skal sende på høyring i løpet av august - må ha ein klårare definisjon av kva som er eit læremiddel. Det må vere eit krav at digitale verktøy som blir nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag blir rekna som læremiddel - og retten til eige språk bør også gjelde kontorstøtteprogram, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for lese og skriveopplæringa.

I dag er situasjonen slik at norske elevar nyttar skriveprogram og andre kontorstøtteprogram utan brukargrensesnitt på nynorsk og utan god nok stavekontroll på nynorsk. Dei nyttar altså hjelpemiddel i skriveopplæringa som fortel dei at det dei skriv er feil, sjølv om det er korrekt nynorsk. Dette kan opplæringslova berre løyse ved at skrive- og andre kontorstøtteprogram får eit klart parallellitetskrav på seg frå norske styresmakter.

Noregs Mållag sitt framlegg til ny ordlyd i lova:

Framlegg til ny ordlyd i § 13-5. Læremiddel:

Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at det i opplæringa berre blir brukt læremiddel, kontorstøtteprogram og stave- og grammatikkontroll som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukt i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket. Krava gjeld for alle digitale og ikkje-digitale verktøy som er laga for opplæringsiktemål eller som blir brukt i opplæringsiktemål.

Unntak frå lova må vurderast og grunnjevast særskilt.

2) Nynorsk i grunnskulen og barnehage

Ei ny opplæringslov må gje nynorskelevane ein betre skulekvardag. Ho må ta innover seg at det ikkje er like tilhøve for NN-elevane og BM-elevane i dag, og at nynorskelevane har ein del særlege utfordringar. Ei god og trygg lese- og skriveopplæring vil gjere det enklare å halde på nynorsk som hovudmål gjennom heile skulen - og heile livet. Eitt av dei viktigaste tiltaka for å motvirke språkskifte frå nynorsk til bokmål, særleg i språkblanda område - er retten til å gå i egne nynorskklasser på ungdomsskulen. Dette er eitt av Noregs Mållag sine viktigaste krav til den nye opplæringslova.

I november 2016 bad fleirtalet på Stortinget om ei utgreiing om retten til å gå i eigen nynorskklasse ut heile grunnskulen. I statsbudsjettet for 2020 vart det vist til at dette var ei sak for arbeidet med NOU 2019:23 Ny opplæringslov. Utvalet tok ikkje stilling til spørsmålet, men viste til at dette er eit

politisk spørsmål. Etter fleire år med trenering frå styresmaktene ligg ballen no på skrivebordet til kunnskapsminister Guri Melby (V). Om ho i august foreslår å endre opplæringslova slik at nynorskelevane kan få opplæring på sitt eige språk gjennom heile grunnskulen gir ho ei samla målrørse - men først og fremst alle sårbare nynorskelevar - ein enorm siger

Nynorsk med dei minste.

Barnehagane skal førebu ungane for skulekvardagen - også språkleg. I dag finst det ikkje ordningar som sikrar at born møter nynorsk i barnehagen. Det er opp til kvar enkelt barnehage om borna møter språket i det heile, også i nynorskområde. Vi meiner administrasjonsspråket i barnehagane, også dei private, må vere det same som skulemålet. Det må kome retningsline for nynorsk og lokal dialekt i rammeplanen for barnehagane, og rammeplanen må ta omsyn til at barnehageborn i nynorskområde er i ein annan språkleg situasjon enn andre born. Barnehagelærarutdanninga må sikre at dei som skal arbeide i barnehagane har kompetanse i opplæring om og på nynorsk, og vi må sikre at teksttilfang til bruk i barnehagane finst på både nynorsk og bokmål. Eg ser fram til debatten og til å høyre kva dei ulike partia meiner om nynorsk i opplæringa. Det neste Stortinget har ein unik sjanse til å gjere noko med den nynorske skulekvardagen. Det er ein sjanse eg håpar dei tar.

Leiar i Noregs Mållag